

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 3/4


MAI/JUNI 1983

37. årgang

«JUBILEUMSDÅP»



Ved jubileumsgudstenesta i Vaksdal kyrkja vart Aud Marit Olsnes døypt. Ved dåpen vart Erna Marie Tolås, f. Stürtzel kalla fram som ekstra fadder, av di ho var den første jenta som vart døypt i Vaksdal kyrkja, 9.4.1933. Det var far hennar, Fritjof Stürtzel som laga døypefonten. På biletet står Erna Tolås ytst til høgre.



Konfirmanten Rune Sæterdal saman med oldefaren Andreas O. Sæterdal, som var konfirmant i 1898!



Konfirmantane i Stamnes 15.5.1983.
(Biletet med konfirmantkapper var ikkje godt nok,
så me må bruka dette i staden.)

Kjennskap til Guds ord

Av Håkon Helle

Det er viktig med å ha kjennskap til Guds ord. Jesus seier: "Dette er det evige livet at dei kjenner deg, den einaste sanne Gud, og den du sende, Jesus Kristus." Joh. 17, 3. Og det er i gjennom Guds ord me får kjennskap til Gud og Jesus.

For å visa kor viktig det er å ha kjennskap til Guds ord, skal eg nemna to hendingar. Borte i USA var det ei kvinna som vart vekt klokka to om natta, og vart minna om å opna vind- auga og ropa ut i natta: "Jesus Guds Sons blod reinsar oss frå all synd." Diverre gjorde ho det ikkje. Om morgonen viste det seg at det var ein mann som hadde teke sitt eige liv. Doktorane kunne seia at klokka to om natta var denne mannen i live. Dersom ho hadde ropt ut desse orda, så kunne det ha berga manne. Men om denne mannen hadde visst om dette bibelordet, så kunne Den Heilage Ande ha minna han om det, og det kunne ha berga han.

Ei onnor hending er denne: Ein eldre mann låg for døden. Han kalla ein emissær til seg. Han sa at han stundom hadde tenkt å søkja Gud, men det hadde ikkje vorte noko av det. Og no var han redd for å døy.

Emissæren sa at han kunne takka Gud

for at han var redd for å døy, for då var det von for han. Så gjekk han frå han, for han syntest ikkje han kunne gjera meir.

Då det hadde gått nokre dagar kom det på nytt bod frå den sjuke at han måtte koma til han. Då han kjem inn til han, ser han at Bibelen og fleire andaktsbøker ligg ved sida av senga. Den sjuke seier han har lese i Bibelen og i andaktsbøkene, "men alt dette berre for dømer meg. Eg går fortapt", sa han. Mdn så kom Gud Ande og minna han om eit ord i Jes. 66. 2. Han heldt Bibelen fram for den sjuke, så han fekk lesa det sjølv.

Der står det på bokmål: "Men den je vil se til er den elendige, og den som har en sønderbrutt ånd og er forferdet over mitt ord." Då sa den sjuke: "Dette var noko for meg." Og han fekk ta dette ordet til seg, til frelse. Det var naudsynleg at emissæren hadde kjennskap til dette bibelordet så Anden kunne minna han om det. Ei bibelordbok er svært nyttig, for å finna fram til bibelord som me har bruk for. Tilvisingane bør me ogso vera merksame på. Ved dei kan me sjå at det er fleire bibelord som seier det same.


Jubileumsdagne for Vaksdal kyrkja



Sjølve jubileumsdagen 7. april var det skulegudstenesta der barneparkeringa, førskulen og barneskulen var med, saman med mange vaksne. Barnekoret og borna i barneparkeringa gledde oss med fin song. Etterpå var det kyrkjesaft og bollar som var serverte i våpenhuset, og 350 bollar smakte godt!



Fredag 8. var det stor ungdomskveld i kyrkja. Ungdomskoret på Stammes, Dale Ten Sing, og Fides song kvar for seg og saman, og dessutan song Solveig Leithaug frå Frekhaug egne viser. Talar og allsongleiar var tidlegare generalsekretær i Ungdomsforbundet Kjell Grønner, som no er fengselsprest m.a. på Ulfnesøy.



Fides syng



Ungdomskora syng saman

Solveig
Leithaug

Kjell Grønner

JUBILEUMSGUDSTENESTA søndag 10. april samla mykje folk. Vaksdal musikklag spela fint og festleg føre og etter gudstenesta. Prost Østtveit preika, og kyrkjekoret song.

Det var fullsett kring borda i Vaksdal bedehus på jubileumsfesten. Der opna Gudrun Boge Karlsen med å lesa prologen som er attgjeven annan stad i bladet. Kyrkjekoret song, og skriftstyraren for jubileumsskriftet, Edith Faugstad gav oss eit kort historisk oversyn. Elles var det helsingar frå m.a. ordførar Berg, formannen i Fellesrådet av sokneråda, Lasse Vassenden, sokneprest Totland og prost Østtveit. Det var mykje fin musikk av Sævs kvartett, og song av Fides. Sokneprest Steinnes avslutta med andakt.



Vaksdal musikklag



Ved kaffibordet i bedehuset ser me frå venstre: Ekteparet Vågen, Berg, Østtveit og (bak) Steinnes. Til høgre Gunvor Bjørsvik og fru Totland.



Kyrkjekoret syng. I framgrunnen sokneprest Totland

Vaksdal kyrkja 50 år

Prolog til jubileumsfesten, av N.N.

(Av omsyn til plassen, må diverre linene skrivast i spaldebreidd, utan omsyn til rimet.)

Vaksdal kyrkja - slik ho millom oss står - feirar i desse dagar 50 år. På ymse tilstellingar har me jubilert i lag. No ynskjer me velkomen til deg som er her i dag. Du som er komen lenge bortefrå, og du som til dagleg her på Vaksdal går. - Alle eit hjarteleg velkomen får!

Ved slikt eit høve er det naturleg å ta eit lite tilbakeblikk over det oss forfedrane ga! Me takkar - og er glad for den kyrkja me ha', og bøyer oss i vyrndnad for dei som bærene bar.

Bruvik var kyrkjestad frå eldgamalt i'og "Kommunebestyrelsen" var "udi Hausviki". Ja, Vaksdal-folket var i lang tid til Bruvikkyrkja knytte, sjølv om dei stundom med fjorden sytte. Det kunne vera fint i solskin og stille, men i storm og kuling var det nok ille.

Etter som Vaksdal-bygda vaks, og folka vart fleire, arbeidde nok tankane, meire og meire, med at dei måtte si eiga kyrkja få - tanken vaks og sprengde på.

I 1912 hadde tanken vorte so sterk, at då måtte han setjast om i handling og "verk". Dei begynte so smått å arbeida med saka, skal tru kor mange år det vil taka? Dei undrast nok mange gonger på kva tid dei kynne i Vaksdal kyrkja gå!

Det fyrste møte om kyrkjesaka samla fullt bedehus. - Dei begynte med salmen "Kirken den er et gammelt hus: "Der vart valt ei kyrkjemennd, på ei seks-sju menn. Med heil hug desse til arbeidet gjekk. Oppgaver og vanskar dei rikeleg fekk: Kvar sku kyrkja stå? Sku' me byggja av tre eller stein, nå? Kor stor skulle ho vera? Kven ville kostnaden bera? Korleis sku' pengane skaffast til vegar?

Det store fyrebuingarbeidet "pågjekk" i over 18 år - først i -31 dei godkjenning av arbeidstilboda får. "Det tempel til Guds ære, det reises sten for sten". L.R. 748, 3.

I 1916 vart det skipa eit kvinnelag. Dei og kyrkjemennda heldt liv i denne sak- under mange, lange, vanskelege år, før dei endeleg byggja får.

Problema var mange og store, seint gjekk det - kva dei so gjorde-. Men

tanken og ynsket - var komme for å bli-og arbeidet med kyrkja var kome godt på gli. Frå soknestyre, arkitekt- og byggjenemnd, - oppgaver vart der for kvinner og menn.

-No hoppar me fram til april tretti-to, ein høgtideleg vårdag, so fin og god. Grunnmuren har fått "umriss og form"-GRUNNSTEINNEDEGGING -mykje folk var møtt fram. Ordet som då vart lese frå "Salmenes bok" lydde so: "Dette er dagen som Herren har gjort, lat oss fegnast og gleda oss no." Og tenk - i april neste år, kyrkja ferdig står. Vil du vita meir om kyrkja vår, so les gamle og nye festskrift og sjå kva der står.

Når no klokkene kalla-lokka og drog-i takksemnd og gleda mange til kyrkja for. Endeleg fekk dei begynna å bruka kyrkja si, denne kyrkja som no er d og mi--.

Tenk på det som på kyrkjeklokkene står når du høyrer dei-der du går: "Ringer jeg til kirke møte, kaller jeg til ro de døde, alltid er jeg Herrens tolk når han samle vil sitt folk" "Land, Land, Land, hør Herrens ord."

"Me er Guds medarbeidarar" var helsinga prosten gav på kyrkja sin vigs - lingsdag. Og songen ljoma: "I Jesu navn skal all vår gjerning skje". Måtte me alltid det ynskja-og be-. Tenk at Gud det slik ville gjera, kalla oss til medarbeidarar å vera. Syndige menneskeborn som me er, det fullkomne berre i himmelen er.

Tenarane har skifta, gjennom dagar og år, nye "troppar inn"-og tida vidare går. No er det du og eg som i tenesta står. -Måtte me vera tru'til me avløyning får!

År kjem - og går - med forandring og skiftande kår. Berre Jesus er den same, i dag som i går. Kyrkja er med oss, frå vogga til grav, skal peika på gåva Gud oss gav.

I gleda og sorg, kyrkja står der som ei borg. Ein vegvisar til Jesus skal kyrkja vera - dette ansvar skal me og vera med å bera.

Høyretilhøva i kyrkja - og dette med å få veg - er dei to store saker -og gjengangarar -alle sokneråda har kjempa med. Endeleg vart det veg, og høretilhøva har og betra seg. Men me kan ikkje gi oss før det er heilt bra - slik at alle kan "høyra ka presten sa".

bra - slik at alle kan "høyra ka presten sa". Eit fint kyrkjehus har me arva- og fått- bra vedlikehalde, ja endå riktig godt. Men kristendom kan ingen erva. Måtte den ikkje bort frå oss kverva. Ja, for den let seg korkje kjøpa eller selja. Den må kvar enkelt sjølv velja. I oss sjøve må me verta små, skal me eingong til himmelen nå. Hugs krossen er einaste nøkkelen til døra inn i himmelen.

Det må ha vore "friske karar" som bygde kyrkja, for i dei gamle skrift-er det tår: "Ein makeleg troppeveg opp til kyrkja går. Jau troppene vart både fine og breie, men for sume verka dei "leie"- . Dei som ikkje hadde hel-sa til å gå i trapper, måtte berre fint sitja og sjå på dei som kunne til kyrkja gå. So troppevegen verka nok berre så som så.



Edith Faugstad på talarstolen

Den beste gåva me til jubileet har fått, er den nye kyrkjevegen me i dag har gått. Ser du kor fint han snor seg fram. Lat oss no prøva å gløyma striden om han, og flittig bruka kyrkjevegen vår, slik at nytte og hjelp me endeleg av han får. Ser du kor fin og tenleg han er no? Skulle mest tru han alltid hadde vor so.

No ynskjer me velkomne til kyrkja, fleire og fleire, -ingen har grunn til å sitja heime for vegen meire! For komande tider, ei lita bøn til slutt, den skal vera stutt:

"Lat oss gå på kyrkjeveg glade både du og eg!"


Storfelt jubileumsgåve

Det har lenge vore eit sakk at det ikkje har vore sjuarma lysestake i Vaksdal kyrkja. Difor var det serleg gleda over at Vaksdal Mølle ville gje sjuarma lysestake, i sølv, til kyrkjejubileet. Økonomisjef Olav Hesjedal bar fram gåva med gode helsingord frå Mølla.

Jubileumskonserten sundagskvelden var ei fin avslutning, og eit høgdepunkt i jubileumshøgtida, med Dalemannskor, musikkgruppa "Ostringen", Ragnhild Straume og organistane Lars Ragnvaldsen og Grethe Hovland.




Prestane saman med den eldste i Vaksdal no, Andreas O. Sæterdal, som var med i soknestyret då kyrkja vart bygd.



(Dahl Foto)

Konfirmentane i Dale 8.5.1983



Konfirmentane i Vaksdal 8.5.1983

Godta kroppen din

Det sitter en ung kvinne foran meg på kontoret. Hun er rød i ansiktet og trekker pusten dypt inn. Det er tydelig at hun har vanskelig for å fortelle hva som trykker henne. Så tar hun mot til seg og sier:

"Jeg tåler ikke at vennen min tar på meg. Bare han legger armen rundt skuldrene mine, skvetter jeg til. Det er vennelig når han vil holde meg inntil seg. Når jeg ser meg i speilet, vil jeg bare gremmes. Tanken på at jeg en gang skal kle meg naken for ham, er forferdelig skremmende".

Selv om hun i virkeligheten tar seg godt ut, er hun full av forakt for kroppen sin. Det er ikke få menn som har vært interessert i henne, og hun har hatt mange invitasjoner. Det har bare ikke vært tale om å innlede noen dypere kontakt med det annet kjønn. Innerst inne har hun nok lyst, men hun våger det ikke. Hun tror ikke at noen kan være interessert i henne når de lærer henne nærmere å kjenne. Hun er redd for den nærheten en kontakt medfører, og er engstelig for etter en stund å bli avvist. Da er det bedre å holde det annet kjønn på avstand.

Men nå er hun blitt kjent med en mann. Han er glad i henne, og vil gi uttrykk for det. Men dette blir så skremmende for henne at hun nå har bestemt seg for å gjøre forholdet slutt.

Når man lærer denne kvinnen nærmere å kjenne, blir hennes problemer mer forståelige. Hun vokste opp i et hjem som var preget av disharmoni og kulde. Det var dårlig forhold mellom mor og far. Aldri så hun at de holdt rundt hverandre eller ga hverandre kjærtegn. Verken mor eller far tok henne særlig inn til seg eller ga henne fysisk kontakt.

Det som hadde med kroppen å gjøre, var negativt. Sex var synd. Aldri talte man om det. Og da de seksuelle følelser etter hvert begynte å vokse frem i henne, opplevde hun dem bare som vonde. Helt fra starten av hadde hun utviklet et dårlig forhold både til kroppen sin og til det annet kjønn. Hennes oppdragelse var motivert ut fra en kristen forestilling om at seksuallivet var syndig og egentlig noe som bare sto i forplantningens tjeneste.

Det er nok mennesker som fortsatt mener dette. De ser ned på kroppen sin, og hevder at seksuelle følelser er et nødvendig onde, for at barna skal komme til verden. Men er dette riktig?

Nei, det er ingen kristendyd å forakte seg selv, heller ikke kroppen sin. Seksuelle følelser er gudgitte, og noe som har egenverdi ved å berike forholdet mellom kvinne og mann.

Tanken om kroppen som noe underordnet og mindreverdig i forhold til sjelen, er fremmed for Bibelen. Dette er en idé som stammer fra gresk filosofi. Her er sjelen det egentlige og store, og kroppen noe mindreverdig som det var om å gjøre for mennesket å frigjøre seg fra.

I Bibelen fremheves menneskets kropp som like fullverdig som dets sjel. Det står til og med at menneskets legeme er et tempel for Den Hellige Ånd. Fordi Guds Ånd tar bolig i mennesket, skulle det ta vare på kroppen sin og ikke forakte den.

Det er viktig for oss mennesker å ha et positivt forhold til kroppen vår og dermed til seksualitet. Her blir oppdragelsen avgjørende. Barnet må lære å sette pris på kroppen sin. Det hjelper at mor og far selv kan godta kroppen sin og de da kan vise at de er glade i hverandre. Barna trenger fysisk kontakt. Og når de seksuelle følelser etter hvert oppstår hos gutten eller piken, må ikke dette ses på som noe negativt. I kristne miljøer har masturbasjon eller onani vært sett på som synd. Teologisk er det lite dekning for å hevde dette. Og fra et psykologisk og medisinsk synspunkt er masturbasjon å betrakte som et normalt fenomen.

For mange mennesker er seksuelle følelser vanskelig å godta. Derfor prøver de å fortrenge dem, noe som kan skape angstfylte fantasier. Da er det bedre å erkjenne slike følelser, godta dem og la dem få utfolde seg i ansvarlighet. Seksuallivet innskrenker seg ikke til samleie, men kan ta mange former. Når vi mennesker tar på hverandre, holder hverandre i hånden eller gir hverandre en klem, kan dette også være en form for seksualitet. Alle trenger et kjærlighetsliv.

Vi er i behov av fellesskap med våre medmennesker av begge kjønn, og trenger berøring og fysisk kontakt. På denne måten kan også enslige gi uttrykk for seksuelle følelser.

En ung mann jeg møtte som leder for en ungdomsleir betrodde meg følgende: "Jeg ble virkelig forskrekket da jeg forsto at bestemor og bestefar fortsatt hadde samleie. Jeg syntes det var ekkelt at to så gamle mennesker holdt på med slikt". Han var rystet over at de to 70-åringene fortsatt praktiserte seksuallivet. Men er dette unaturlig? Nei, så visst ikke. Det er vakkert når to gamle mennesker kan være gode mot hverandre selv om de legemlig sett er for nedadgående. Du må kunne godta din kropp. Se deg selv i speilet. Hva syns du? Kan du si: "Jeg er OK?" Dersom du ikke er i stand til dette, så tren hver dag på å gjøre det.

Det er Gud som har skapt kroppen din. Derfor har du ikke lov til å forakte den!

Atle Roness

Søndagshilsen
Modum
Modum Bads Nervesanatorium
og Institutt for Sjelesorg

Stemna ved Vikavatnet



helgetorsdag vart ei fin samling med godt frammøte, fint ver, og ei god gudstenesta. Sokneprest Steinnes forretta og preika, og Stamnes ungdomskor song. Etterpå var det triveleg matøkt med mykje godprat kring mat-

bord av ymse slag. Sidan var det leikar for store og små, og einfeld avslutning. I år var det samla folk frå Vaksdal, Stanghelle, Dale og Eidsland attåt dei frå Stamnes, og alle såg ut til å finna seg vel til rettes. Vel møtt att neste helgetorsdag!



Ungdomskoret syng med dei små

Helsing til mor og far frå eit barn

- 1) Ikkje skjem meg bort. Eg veit veldig godt at eg ikkje bør få alt det eg bed om. Eg berre prøver dykk.
- 2) Ver ikkje redd for å vera viljefast mot meg. Eg kjenner meg tryggare då.
- 3) Ikkje få meg til å føla meg mindre enn eg er. Det vil føra til at eg oppfører meg som ein stor på ein dum måte.
- 4) Ikkje skjenn på meg medan andre høyrer på, så sant det kan lata seg gjera. Det vil gjera sterkare inntrykk på meg om de snakkar roleg til meg privat.
- 5) De må ikkje fortvila om eg seier at eg «hatar dykk». Det er ikkje dykk eg hatar, men den makt de har til å plaga meg.
- 6) Prøv ikkje å verna meg mot alle konsekvensar. Eg treng av og til å læra den harde vegen.
- 7) Ikkje ver vaklevorne. Det gjer det heile innfløkt for meg og fører til at eg misser trua på dykk.
- 8) Ikkje stopp meg når eg kjem med spørsmåla mine. Dersom de gjer det, vil de oppdaga at eg sluttar spørja og søker opplysning andre stader.
- 9) Snakk aldri om at de er utan flekk eller lyte. Det vert eit stort sjokk den dagen eg oppdagar at de har både flekk og lyte.
- 10) Gløym ikkje at eg vantrivst utan skjønsemd og kjærleik, men det treng eg vel ikkje fortelja dykk?

Frå «Hofstadskolen», skuleleiar i Asker.

VÅRT LAND Lørdag 27. november 1982

Endret arbeidstid gir bedre liv


Faren for stress og blodpropp i hjertet hos skiftarbeidere kan reduseres vesentlig rett og slett ved å endre vaktutininga slik at man arbeider med uret i stedet for mot uret.

Det er den svenske legen med spesialitet i psykosomatisk medisin, Kristina Orth-Gomer som fastslår dette. Hun har i mange år arbeidet med skiftarbeidernes problemer.

Ofte endres skiftarbeidernes vaktplaner mot uret. Man starter med nattevakt, så kommer kveldsvakt, dagvakt og morgenvakt. En slik syklus er stikk i strid med menneskets biologiske døgnrytme, hevder Orth-Gomer i det danske arbeidsmiljøfondets blad «Pas på».

Hun har prøvet sine teorier på politibetjentene i Stockholm. De begynte sitt vaktsystem med vakt fra klokka 22 til 7, så fra klokka 18 til 2 om natten, videre fra klokka 14 til 22, så fra 10 til 18 og endelig fra 7 til 14.

Kristina Orth-Gomer undersøkte 46 betjenter som ble delt



Slik illustrerer Kristina Orth-Gomer de to formene for arbeidsrotasjon. Først en rotasjon mot uret, hvor man starter med en nattevakt og deretter arbeider seg fram mot en morgenvakt. Hvis man vil arbeide med uret, starter man ved å begynne med en morgenvakt og avslutte en tjenesteperiode med en nattevakt.

opp i to like store grupper. Den ene fulgte Stockholm-politiets vanlige rytme, mens den andre fikk byttet vaktene helt om slik at de begynte med en morgenvakt, så dagvakt, ettermiddagsvakt, o.s.v.

Etter to ukers forsøk kunne hun konstatere at blodets innhold av triglyserin, urinsyre og blodsukker sank hos betjentene som arbeidet med uret.

Høyt innhold av triglyserin og urinsyre i blodet er tegn på stress og medfører risiko for vevsdød og blodpropp i hjertet. Høyt innhold av blodsukker er tegn på stress eller sukkersyke.

Men hun fant mer. Hos politibetjentene som arbeidet med uret, falt også trykket på blodet

som pumpes ut av hjertet. Det medfører at hjertet arbeider mindre og er dermed ikke så utsatt for slitasje.

Da mennesker sover dårlig om dagen uten å bli skikkelig ut hvilt, mener hun at skiftarbeidere bør får sove ordentlig gjennom en natt før de begynner på en ny tjenesteperiode.

Kristina Orth-Gomer påpeker at en omlegging av vaktutininga ikke koster ett øre, men at det er mye å hente rent helsemessig. En omlegging krever ikke flere folk, og arbeidstidene behøver ikke forandres. Det eneste som trengs er å begynne vaktutininga i omvendt rekkefølge av hva som ofte er tilfelle.

Ha-Ho

Fitjavass-stemna 80 år

I 1903 gjorde Anders Vaksdal opp-taket til Fitjavass-stemna, eller Nordviksøter-stemna som dei seier i Samnanger. Denne stemna var årsviss til for nokre år sidan. I samarbeid mellom sokneråda i Samnanger og Vaksdal vart ho skipa til på nytt 4. juli 1982. Om veret ikkje var det aller beste, samlast likevel kring førti unge og eldre til gudstenesta, matøkt, leikar ute, og avslutningsmøte med song og frie vitnemål og helsingar inne i selet. I år vert stemna 19. juni, med start frå Langhelle klokka 10.00 for dei som treng vegvisar.

Omlag 11.30 vert det gudstenesta ved Sønnesyn, og vonleg song- og musikk-krefter frå Vaksdal og Samnanger. Gunvor Bjørsvik vil prøva å få med sin del av kyrkjekoret, og i fjor vart me i alle høve helsa med vakre trompettonar frå Samnangersida då me kom opp til stemnestaden.

Etter gudstenesta vil Ovidia Herfindal og Solveig Røen servera rømme rømmegrøt. Ta med kopp og fat og skei! Elles vert opplegget som ifjor. Me vonar på godt ver, men stemna vert halden i alle høve, om ikkje veret vert heilt urimeleg. Vel møtt!

Laurdagssamling

Dersom veret vert lagleg, kunne det vere hyggeleg om nokre tok turen opp laurdagskvelden, med telt og sovepose. Det er nokre plassar i selet og i stemnehuset, og truleg i ei av hyttene. Noko oppsett program vert det ikkje om kvelden, men det er fint å laga bål i strandkanten, og kring bålet kjem gjerne programmet av seg sjølv. Dei som vil ha fylgje, kan møta oppe på Langhelle til kl. 19.



Kyrkjehelg i Bruvik 7. august

I jubileumsåret for Vaksdal kyrkja, er det mange som har minnast kyrkjeferdene til Bruvik. Og folk i Sandvik krins høyrde til Bruvik sokn heilt til 17.3.1968, så mange der kjenner seg framleis mest knytte til Bruvik-kyrkja. Likeeins saknar kyrkjefolket i Bruvik dei trufaste kyrkjegjengarane frå Sandvik-krinsen.

Sundag 7. august vert det difor ei kyrkjehelg i Bruvik. Det vert gudstenesta ved prestane Mjøs og Sønne-

syn, og etterpå byr Bruvik sokneråd inn til kyrkjekaffi i bedehuset, gamle-bedehuset frå Vaksdal. Tidlegare vart gjerne skyssbåten på Ulfesnesøy nytta til kyrkjeskyss. Men no er han i ustand, slik at me må greia oss med private båtar eller bilar. Dei som ikkje kan få seg skyss sjølve, kan melda frå til prestekontoret. Likeeins dei som har ledige plassar!

VEL MØTT I KYRKJEBRUVIK!

Frå kyrkjebøkene

DØYPT

DALE

20.02. Andre Kallevig
 20.03. Trond-Inge Ramsnes
 " Ann Kristin Hatlestad
 " Lisa Soltvedt
 03.04. Ingve Hesjedal Lunde
 " Victoria Ulevik
 " Synne Laastad Dyvik
 17.04. Birte Kyrkjeteig
 01.05. Lars Selberg Sigurdson
 " Susanne Langhelle

STAMNES

24.04. Roy Stamnes
 " Roy Stien
 " Cato Berntzen
 22.05 Erlend Straume
 " Kristina Straume

NESHEIM

Svein Inge Trefall

VAKSDAL

10.4. Aud Marit Olsnes.
 1.5. Marianne Risholm
 (I Årstad).
 8.5. Cathrine Kleiveland.
 15.5. Mads Kristoffer Hane-
 vik Aldal (I Ådland)
 23.5. Jarle Vågenes Larsen.



AVLIDNE



DALE Margit Steinsland f.1908
 Maria Kindem f.1898.

29.04. Osvald Berge f.1913
 02.05. Anna Kristine Helle f.1913
 13.05. Anna Stanghelle f.1891
 19.05. Arnlaug Preistein f.1898

STAMNES

20.04. Haldor Stamnesfet f.1899
 25.04. Odd Andreas Berntzen f.1920
 16.04. Ingrid Helene Kallestad f.1919

EIDSLAND

Rolf Arild Jakobsen f. 1961.

VAKSDAL

26.3. Hjørdis Hana, f.1902.
 24.3. Anders Toft, f.1983.
 21.4. Karoline Skreien, f.1883.
 21.5. Albert Hordvik, f.1898.
 29.5. Sigvart Faugstad, f.1905.

VIGDE

DALE 19.03. Stig Andersen og
 Åse Kristin Rønhovde.

Gudstenester hausten 1983

| dag | mon | namn | St. helle | Dale | Vaksdal | Stamnes | Eidsland | Eksinged. | Nesheim | Burgsd. |
|-----|-------|------------|-----------|---|----------------|--------------------------|-----------------|----------------|------------|------------------|
| 26. | juni | 5. epi | | St. k. | | | | St. | | |
| 3. | juli | 6. epi | | | St. k. n. | | | | | Fj. n. |
| 10. | " | 7. " | | St. n | | | St. k. n | | Fj. n. | |
| 17. | " | 8. " | | | Fj. k. n. | St. n. | | | | |
| 24. | " | 9. " | | Sö. n | | | | Sö. k. n | | |
| 31. | " | 10. " | | | | Sö. k. | Sö. | | | |
| 7. | aug. | 11. " | | | Bev. k. Sa | | | | | |
| 14. | " | 12. " | | | | Sö. k. n | | | | Sö. Stamne |
| 21. | " | 13. " | | Lilisen Aaboy Wilson Aaboy Komp. St. k. | St. n | | | | Komp. Sö. | |
| 28. | " | 14. " | | | | Komp. Sö. k. | Komp. Sö. | | | Komp. St. |
| 4. | sept. | 15. " | | | Komp. Sö. k. | | | Kr. F. 50. St. | | |
| 11. | " | 16. " | | Sönd. ek. d. St. Fam. | | Sönd. ek. d. Sö. Fam. | | | | |
| 18. | " | 17. " | | | | | | St. 50 100 år | | |
| 25. | " | 18. " | | St. NLA. n. | St. NLA. k. n. | NLA. k. | NLA. k. | NLA. k. | | |
| 2. | okt. | 19. " | | | Sö. n. | | | | | St. n. |
| 9. | " | 20. " | | | Sö. k. n | | | | Sö. n. | |
| 16. | " | 21. " | | | Sö. Fam. | St. Fam. | St. k. n. | | | |
| 23. | " | 22. " | | St. Fam. | | | | Sö. Fam. | | |
| 30. | " | Bot. Be. | | St. k. | St. n. | | Sö. Fam. | | | |
| 6. | nov. | 11. d. | | St. k. n. | Sö. k. n | Sö. n | | | St. n. | |
| 13. | " | 25. epi | | | | | Sö. k. n | | Sö. Fam. | |
| 20. | " | Siste s. | | St. k. Fam. | | St. n. | | | | |
| 27. | " | 1. s. adv. | | | Sö. k. Lysm. | | | | St/so jub. | |
| 4. | des | 2. s. adv. | | St. k. Lysm. | St. n | Sö. k. kons. | Sö. n | | | |
| 10. | " | Lörd. | | | | | | | | St. k. kons/hom. |
| 11. | " | 3. s. adv. | | St. k. kons. | Sö. k. kons. | Sö. n. | | St. n | | |
| 18. | " | 4. s. adv. | | Sö. n. | | | St. kons/gudst. | | | |
| 24. | " | jul. k. | | St. Fam. | Sö. Fam. | Sö. Fam. | | Sö. Fam. | | |
| 25. | " | 1. j. d. | | St. | Sö. | | | | | |
| 26. | " | 2. j. d. | | | | St. | Sö. k. | | St. k. | Sö. |
| 31. | " | AFT | | St. k. | Sö. k. | | | | | |
| 1. | jan | 1. n. d. | | | | Sö. n. | | | | St. n. |

St. : Steinnes

Sö. : Sonnesyn

Fj. : Fjose

Fam : Familie gudsteneste

Komp. : Konfirmantpresentasjon

k : kveldsgudsteneste

n : nattverd

Lysm. : Lysmesse

Kons : Konsert

N.L.A. : Lararalademiet

9. okt og 13. nov. Steinnes fri

25. sept. og 20. nov. Sonnesyn fri

27. nov. Nesheim. Kyrkje 1882

18. sept. Eksingedalen Kyrkje

100 år

VELKOMEN TIL KYRKJE

JUNI

19.-4.sundag etter Pinse

STAMNES kl.11.00 Spr.Steinnes.Nattv.

Evanger kyrkjekor.

FITJARVÅTNSTEMNE

26.- 5.sundag etter Pinse

DALE kl.19.00 Spr.Steinnes

EKSINGEDALEN kl.11.00. Spr.Steinnes.

JULI

3.- 6.sundag etter Pinse

VAKSDAL kl.18.00.Spr.Steinnes.Nattv.

BERGSDALEN kl.11.00 Prost Fjose.

Nattverd.

10.- 7.sundag etter Pinse

DALE kl.11.00.Spr.Steinnes.Nattv.

EIDSLANDET kl.17.00.Spr.Steinnes.

Nattverd.

NESHEIM kl.11.30.Prost Fjose.Nattv.

17.- 8.sundag etter Pinse

STAMNES kl.11.00. Spr.Steinnes.

Nattverd.

VAKSDAL kl.18.00. STEINNES.NV.

24.- 9.sundag etter pinse.

DALE kl. 11. Res.kap.Sønnesyn.


NV.

EKSINGEDALEN kl.16.00.Rk. NV.

31.- 10.sundag etter pinse.

STAMNES kl.18.00.Res.kap.

EIDSLANDET kl.11.00.Res.kap.



AUGUST

7.- 11.sundag etter Pinse

BRUVIK kl.11.00.Res.kap.Sønnesyn.

Fellesgudsteneste.

14.- 12.sundag etter Pinse

STAMNES kl.18.00. Res.kap.Sønnesyn.

Nattverd.

BERGSDALEN kl.11.00.Stemme.R.k.

21.- 13.sundag etter Pinse

DALE kl.11.00.Nilsen Askøy

VAKSDAL kl.11.00.Spr. Steinnes.Nattv.

NESHEIM kl.11.30. Konf.p. Spr.

28.-14.sundag etter Pinse

DALE kl.11.00.Nilsen Askøy

DALE kl.18.00.Konfp. Spr.Steinnes

STAMNES kl.17.00.Konfp. Rk.Sønnesyn

EIDSLANDET kl.11.00.Konfp.Rk.

BERGSDALEN kl.11.00.Konfp.Spr

Kyrkjeblad for Vaksdal prestegjeld

Bladstyrarar: Per Einar Sønnesyn (ansv.) og Magne O. Steinnes. Medarbeidarar: Skrivarane i sokneråda. Kassarar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik. Postgiro 5 72 34 73, bankgiro 3500.50.13117. Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal. Bladpengar kr. 25,00 (eller meir) for året.

Ekspedisjon og trykk og retur til: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. (055) 55045.